

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 1

Januar 1969

5. årgang

TO BYGNINGAR

2. Kor. 5, 1 — fg.

Av Odd Dyrøy

Her i dette ordet les me om to ulike bygningar. Den eine er vår lekams jordiske hus. Ordet fortel at dette huset er av jorda og vi ein dag bli rive ned. Me menneske set mykje inn på at dette huset skal stå og vara lenge, men både Skrifta og erfaringa fortel oss at alt som er av jorda varer berre ei lita tid og vil bli rive ned til slutt.

Den andre bygningen ordet talar om, den er ikkje av jorda. Den er Gud bygmeister og skapar til. Dette huset blir heller aldri nedrive, same kva våpen eller midlar som blir bruka for å få det i grus, for det er eit hus som ikkje er gjort med hender og som står øveleg i himmelen. Det er bygt på Guds faste og sikre grunnvoll, og av uforgjengeleg material.

Så her på jorda er det berre to hus me mogeneske kan bu i. Anten bur me som naturlege menneske i vår eigen jordiske lekam, som ein dag vil bli riven ned og gå til grunne, eller så bur me i huset frå himmelen. Det vil seia å leva i Kristus, i trua på den frelsa han har bygt og gjort ferdig for oss.

Alt som blir bygt vil bli sett på prøve. Det gjeld både våre jordiske hus og det gjeld det hus som sjela vår bur i. Av

og til så har du nok kjent at du blir sett på prøve, då du lyt finna svar på kvar du bur, eller rettare kva ditt hjarta lever i og set si lit til. Det er Gud som ved den Heilage Ande vil prøva få deg til å flytta frå ditt forgjengelege hus og over til eit tryggare og varigare hus.

Eit hus kan sjå fint ut utanpå, men det kan samstundes vera mykje skrøpeleg inni. Like eins kan det sjå skrøpeleg ut utanpå, men vera både fint og godt inni. Slik kan det også vera med eit menneske. Som døme på det kan me nemna David, då Gud sende Samuel for å selva han til konge i staden for Saul. Då sónene til Isai steig fram for Samuel og han fekk sjå Eliab, då tenkte han: Her står visst framfor Herren den han vil salva. Men Herren sa til Samuel: - Sjå ikkje på skapnaden hans og den høge voksteren, for eg er ikkje nøgd med han. Eg ser ikkje på det som menneske ser på, for menneske ser på det som fell i augo, men Herren ser på hjarta. Men derimot David, som var liten av vokster og ikkje blei rekna med, men hadde eit hjarta som livde i Gud og i trua på han og hans ord, han var den Gud hadde utvalt seg.

Han som prøver deg og ditt hus ser

også til hjarta. Han let seg ikkje lura av eit fint ytre, eller av fine ord og eit vakkert liv, og han tek aldri feil. Men kom ihug at mitt og ditt vert underlagt den same prøven som det Gud sjølv har bygt. Det blir prøvd ved Guds Ande, på Guds heilage lov. Ikkje ein nagle eller ein einaste spikar kan mangla. Ein einaste synd, syndig lysst eller tanke er nok til å bli forkasta av Gud. Det lyt vera fullkome som Gud både inni og utanpå. Ingen ting kan mangla eller vera u gjort eller miss gjort, om det skal bestå for Gud. Du som bur og lever i ditt eige hus, kan du leva og bu trygt og utan frykt?

Er du av dei som ser at du held ikkje prøva, så du lever i stadig uro og frykt, då vil eg be deg straks å flytta til eit betre hus og ein tryggare stad.

Kva er så denne bygnaden av Gud, som ikkje er gjort med hender, som me har æveleg og alltid i himmelen?

Denne bygnaden er Jesus og det verk han har gjort, og trygt bur alle som har flytta inn der. Liten og ringe er denne bygnaden å sjå til, men den er utvald og dyr for Gud. Den er prøvd av Gud sjølv og har stade prøva. Han er også prøvd i verda i alle ting, og blei funnen rein i hjarta og liv, fullkommen for Gud i alle ting. Ingen ting mangla i hans liv.

Døden og grava kunne ikkje halda på han, for han sto opp med velde, med siger både over synda og døden.

Lyder ikkje dette fint? Skulle ikkje dette vera eit godt tilbod for huslause, i ei forvirra og huslaus tid som vår?

Men kva ser vi? Når det gjeld sjela sin bolig, så har vel folk aldri hatt det meir annsamt med å lappa og setja i stand sitt eige — si elga rettferd. Tenk ïerre på alt djevelen og verda set i verk for å leida tanke og sinn bort frå san-

ninga. Det gjeld både sanninga om kva menneske verkeleg er i sin fortapte tilstand, og det gjeld sanninga om Jesus, den einaste som er gitt millom menneska så vi kan bli frelst ved han. Få er dei som prøver venda menneskja til han som er vårt hus frå himmelen.

Kvar er så dette huset å finna? Det kan du berre finna i Bibelen, som *er Guds ord til oss*. Du finn det i evangeliet — ordet om Jesus.

Kvar gong ein syndar i si naud kom til Jesus, så ser vi at det var sitt ord han møtte dei med og hjelpte dei ved. På veggen til Emaus kom Jesus i fylge med to tvilande, redde og nedforkomme, av di det dei trudde på og haddelivt i blei nedrive og ramla i grus for dei. Då tok Jesus dei med til Skriftene og viste dei til det som sto skrive om han der. Vert de verande i mitt ord so er de rette læresveinane mine, sa Jesus ein annan gong.

I Ordet får me også sjå og læra å kjenna kor därleg og ubrukeleg vårt eige hus er, og det er også det middel Gud brukar til å驱va oss ut av vårt eige hus og bort frå eigen grunn. Men i Ordet får me også sjå det hus Gud har bygt ferdig for syndaren, og ved det kallar han oss til å stiga inn og overbevisar oss om at det er for oss og tilhører oss.

Her er det ikkje noko som manglar. Her finn du alt det du treng til, både fred og kvile, varme og mat, lækjemdom og helse osv. I han har me utløysing, ved hans blod, forlatting for syndene, etter rikdomen av hans nåde. I hans sår har me fått lækjemdom. Dette for å nemna litt av det som finst i huset, og ser du etter vil du finna mykje meir — alt det du treng for himmel og jord.

Kjære deg, kom og flytt inn i dette huset — Jesus og ordet om han. Her

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord
 Red. Amund Lid, tlf. 75 Norhsund
 Eksp. : M. Skumsnes, Horneland
 Stord. Postgiro : 42887, Stord
S. Botnens Boktrykkeri, Stord
 Bladet blir sendt gratis til alle
 som sender eksp. namn og adr.
 Blir halde oppe med frivilj. gaver
Norsk Lutherisk Lekmannsmisj. :
 Formann. Olav A. Dahl,
 boks 95, Stord. Tlf. 69
 Kass.. Sverre Bøhn, Norheimsund
 postgiro nr. 68213
 Bankgiro . Vikøy Sparebank
 Norheimsund 10093/955

skal du få bu så lenge du er her på jorda, for så ved døden å flytta inn i dei evige boligar som han har gjort ferdig for oss.

Har du fått flytta ut av ditt eige liv og verk og inn i Jesus og hans livsverk, då vil det halda gjennom alle trengsler og stå i alle stormar. Gud være evig lova og takka, for så godt og trygt eit hus i tida og æva.

Om giftermål mellom Guds barn og verdens barn**Brev fra Rosenius**

Elskede syster i Kristus ! Gud Herren være deg nådig ! Den almektige, underlige, men trofaste Gud, *ditt livs Gud*, han hjelpe og bevare deg fra alt ondt !

Hjertelig takk for brevet. Det er viselig sant at jeg er plaget av stort hastverk, men det er også sant at det var kjært å få brev fra deg.

A, min kjære syster ! hvilken inderlig deltagelse jeg lider med deg ! For her sitter også en som har følelser, og som har lidt ubeskrivelig av liknende sorg som du — og dertil hatt anledning til å se så usigelig bitter hjertesorg hos så mange følelsesfulle kvinner her i Stockholm, så jeg med gyldig grunn kan bruke apostelen sine ord : Vit, at *dine brødre (søstre) i verden lider samme motgang*. Men i uendeleg forskjellig mål. Når jeg kjenner alt dette, hva skal jeg da svare på ditt spørsmål? Ditt spørsmål går egentlig ut på hva du skal gjøre. Ak, min kjære syster, jeg frykter for at du ikke har mye frihet til å gjøre noe. Å nei, det står slik til med

oss at vi er fortapte, om ikke Gud forbamer seg over oss. Hva skal du dog gjøre? Jeg vet intet annet enn å skrike, skrike til den alene mektige, han som gjør undere. Men spør du om det er rett, at et Guds barn, en Jesu brud, går inn i denne forbindelse på livstid med en vantroende, da må jeg svare: Slik er visst ikke Guds oprinnelige og egentlige vilje. Når man med rent og fritt forskende øye og sinn leser 2. Kor. 6 og 1. Kor. 9, 5, så ser man nok det. — Hvis du derfor har noe valg, eller makt til å gjøre noe, så følg disse antydninger. Og Gud være deg nådig og hjelpe deg til det ! Bed Gud om å få slippe en **LIVSVARIG FORBINDELSE MED EN DØD** ! Og da — hva vil jeg sie? Jo, be Gud om en ny nåde for ditt hjerte, en fornyet troesnåde for ditt hjerte, for så mye forstår jeg denne tilstand at derpå er det mangel.

Min kjære syster ! Så forferdelig fjern Gud kan synes for deg, så ganske overlatt til et forvendt sinn du må føle

deg, så er han ennå like varmt brennende og følende for deg, i denne stund du leser dette som da når du smakte og så at Herren var god. Tro fast at dette ordet lyver ikke ! Å, hvor dypt det ordet var ment : «ved troen», «vandre i troen», «den rettferdige skal leva av troen». Men så sant Gud lever, så sant er alt hva du føler (stridende mot troen) bare prøvelse, fristelser, vantro og mørke, og så sant *er* Gud ennå den samme. Og da, tenk hva du bør gjøre.

Et Guds barn, som lever under sterk troesøvelse og harde fristelser på liv og død— et prøvet Guds barn, en Jesu brud og venn, en med gjenførelsens nåde og troens lys begavet Jesu venn, utgått fra verden, sett i helgeners prøvelser til evig frelse, et tempel for den Hellig And, en himmelens medborger, ventet av de saliges skarer, beskuet i striden av engle og Guds barn, beskuet under hāp og forventning etter utfallet av striden — *hva bør en slik gjøre?*

Heller forblø og dø i usigelig hjertesorg under Guds vilje, på Guds åpenbare viljes vei, enn å vike fra den og pådra seg en vond samvittighet og en mengde fristelser, som er av en ennu mer drepende art, og nye men like svære lidelser.

For du må ikke tro at ditt følsomme hjerte ville bli fri fra lidelser, nei tvert imot. Jeg har aldri sett elskende, ugifte kvinner lide slik, som en del gifte kvinner, nemlig de som er kommet opp i det du fristes til å gå inn i. Om ikke det guddommelige liv dør ut, så må der bli en uendelig lidelse, av mer bitter og drepende art eller natur enn nå.

— —

Ak, det er engestelig å skrive på denne måte til en kjær søster. Om du hadde vært her, da ville jeg gråte med deg, så føler jeg medlidenshet med deg. Men hvordan det enn går, ett alene er makt-påliggende, ett alene er aldeles nødvendighet for liv og salighet, at du blir i *troen* på din frelse og blir i hans kjærlighet. Det blir då snart ende på dette livet — tenk, det kan jo snart hende at din trolovede frelse henter deg fra jammerdalen, da er det forbi med timelige forhold. Og selv om, du liksom av en sterk flod skulle føres inn i et slikt forhold som vi her har omtalt, mot hvilke vi bede, så tror jeg at Herren ennå kan gjøre deg salig. Det er en serskilt sak, som hører til Herrens trofasthet og makt. «Men kan du bli fri, så heller det».

Gud være med deg ! Gud med deg, kjære søster !

HJELP TIL KLARHET

«*Hjelp til klarhet*» er en tale av Knut Rettedal, som ble holdt med tanke på å hjelpe de unge frem til bevisst liv i Gud og en hjelp for dem som er kalla til å hjelpe de unge gjennem en vanskelig tid — overgangs alderen. Da vi tror den kan bli mange til hjelp tar vi den med som fortsettelse i noen nummer av Lov og Evangelium.

Hjelp de unge til bevisst liv i Gud.

Det har vel aldri vært drevet et så intenst arbeid for de unge blant vårt kristenfolk som nå. Vi har hatt søndagskole i mange år, og gjennom den er det blitt utført et velsignelsesrikt arbeid blandt barna. I dette arbeidet er det alminnelig — så vidt jeg vet — å ta sikte på to ting :

Det ene er å gi barna kristelig kunnskap. Det annet er ved kunnskapen å oppbygge gudslivet i barna, alt avpasset etter alder og utvikling.

Det er vel ingen tvil om at den søndagsskolen gjør best arbeid som gir barna mest oppbyggelse. Den søndagsskolen som best kan svare til navnet barneoppbyggelse, er mest fullkommen.

De som i særlig grad har hatt de unge til behandling for kristelig påvirkning, er prestene ved konfirmantundervisningen. De har en ypperlig anledning til å nå de unge og komme dem til hjelpe, nå praktisk talt alle unge som vokser opp.

Verdien av konfirmantundervisningen er i stor utstrekning avhengig av om presten er en personlig frelst mann og eier evnen til å gjøre sjælesørgerarbeid. Og at der blir gjort et verdifullt arbeid av mange troende prester og menighetsforstandere, det er sikkert, og det må en glede seg over og være takknemlig for.

Men konfirmantundervisningen foregår på en meget kort og avgrenset tid, og i den tiden blir det ofte vesentlig kunnskapsrepetisjon. En repetisjon av den kristelige kunnskapen barna har fått i heim og folkeskole. Et forsøk på å gjennomgå barnelæren og innprrente den i sinn og hjerte hos de unge.

Noen personlig sjælesorg blir det visst ikke så mye av. Det ville være av uberegnetlig verdi og virkning om presten i

større utstrekning kunne ta seg av den enkelte. Jeg vet det er somme prester som praktiserer det. I et friminutt eller etter endt lesetid tar de snart den ene, snart den andre gutten i armen og spaserer bortover veien og samtaler med dem om deres sjels forhold til Gud. De som har praktisert det, vet om gode resultater.

Men selv om denne tids arbeid vesentlig er kunnskapsrepetisjon av barnelæren, så er det verdifullt for de unge. De kan bli seg bevisst sin eiendom, den kapital de eier i den kristelige kunnskap, og hos noen blir kunnskapen til liv — troesliv eller næring for troens liv. Det kan lignes med å legge til rette inntatt ballast i båten som skal ut på havet, ballast forat den lett bevegelige båten ikke skal kantre i bølgene.

I de senere år er der tatt opp et omfattende arbeid av de forskjellige kristelige organisasjoner for ungdom i og utover konfirmasjonsalderen. Dette arbeidet drives nok på forskjellig vis og har nok ulike mål. Men det beste og mest ideelle arbeidet er det som har til mål å føre de unge til bevist liv med Gud, og som forstår å nære og veilede unge troende.

Dette arbeidet blant de unge er meget nødvendig. Overgangsalderen er en vanskelig tid i de unges liv. I denne tiden kommer fristelser til synd utenfra i mange hittil ukjente former, og drifter, krefter og tanker våkner inne i en som en før ikke visste av.

Når de unge er ferdige for presten og ferdige med plikten til å lese i boken, så fristes de til å være ferdige med Gud og med religionen. Så har barna i den alder og stilling ned igjennom tiden i stor utstrekning fått «seile sin egen sjø», og er blitt Guds menighets stebarn.

Hvorfor har det vært slik? Blant an-

net fordi arbeidet blant disse unge i den alderen er så vanskelig. Det er vanskelig fordi man så lite forstår dem. Man forstår ikke deres stilling til Gud, og så vet man ikke riktig hvorledes man skal tale til dem.

De yngres gudsforhold bedømmes forskjellig.

Det er en kjennsgjerning at ungdom i overgangsalderen bedømmes høyst ulikt. Noen betrakter disse unge som Guds barn og tiltaler dem således. Jeg har i friskt minne noe som hendte da der var vekkelse i en bygd. Blant de vakte var en ung, tenkende kvinne I sin sjelenød og bekymring gikk hun til gamle prosten K. for å få hjelp og veiledning. Prosten sa bla. til henne : «Du bør ikke gå på disse møtene og bli forstyrret. Du er jo en kristen. Har ikke jeg både døpt deg og konfirmert deg?»

Den unge kvinnen gikk fra prosten og sa til en veninne : «Prosten skulle da vite hva som er kristendom. När han kaller meg en kristen, slik som jeg er, da er der ingen kristendom, for jeg vet jeg er ingen kristen.» Hun gikk ut i verdenslivet og ble nærmest det man kaller en fritenker eller gudsfornekter.

Somme predikanter går til den andre ytterligheten og betrakter og tiltaler disse unge som ugodelige syndere. De formanes til å angre sine synder og vende om til Gud. Der forkynnes også for dem evangelietst ord, at der hos Gud er forlatelse for alle deres synder for Jesu skyld. Ja, om du er aldri så stor en sander, så er der nåde for deg, blir det ofte sagt.

Når det så hender at de unge kommer til bevisst liv i Gud, og det hender, Gud være lovet, ikke så sjeldent, da betrakter noen det som utdig uro og svermeri hos de unge. Andre taler om at barna er

blitt omvendt til Gud. Alt dette er vitnesbyrd om at man ikke forstår de unge.

A benekte at der blant de unge vi her tenker på er ugodelige syndere, er umulig. Kjensgjerningene taler her sitt tydelige språk. Men like urett er det å tro og mene at der ikke er unge som lever med Gud mer eller mindre bevisst. Og det kan nok hende at den flokken er større enn mange tror.

Men disse unges stilling er så lite forstått. Derfor får de ofte så lite hjelp i allfall i vår offentlige forkynnelse. De sitter ofte i våre forsamlinger og får ingenting. De kjenner seg ikke heime blandt dem som der blir talt til. De kjenner seg ikke blandt glade, frimodige kristne, som vet om syndenød og omvendelse og ble glade då de fikk tro at deres synder var forlatt.

Heller ikke synes de at de hører til blandt store syndere. Jeg vet der er unge som har tenkt slik : Hadde jeg bare vært en stor sander, så kunne jeg blitt frelst. Ja, der er dem som fristes til å kaste seg ut i syndelivet så de kunne få noe å angre og bli skikkelig omvendt.

Disse unges sukk kan best uttrykkes med sangstrofen : «När andre så glad kalte frelseren sin, jeg sukket og ønsket : å gid han var min !»

Vi har her for tanken barn som er døpt med Jesu Kristi dåp. Unge som er bevart ved kristendomskunnskap og oppdragelse og aldri har vært ute i åpenbart ytre syndeliv.

Hvordan er deres stilling til Gud? Og hvordan skal de behandles?

Forts. neste nummer.

Vil en ha nytte av en fortsettelse i et blad, da les dem nøyte etter hvert som biadene kommer ut. Ta vare på alle numrene, og les dem så i sammenheng når det siste kommer.

Red.

Målet for vår tru, frelse for sjela

1. Pet. 1, 9

AV Amund Lid

Vår tids moderne menneske veit at det har ånd og lekam, men dei fleste ser ut for å ha gløyt at dei også har ei sjel.

Bibelen fortel at menneske har ånd, sjel og lekam. Og Herren Gud skapte mannen av mold or marka og bles livsens ande i nasa hans, og mannen fekk sjel og liv (1. Moseb. 2, 7). Men han sjølv, fredens Gud, helge dykk heilt ut, og gjev at dykkar *ånd* og *sjel* og *lekam* må verta haldne fullkomne, ulastande når vår Herre Jesus Kristus kjem (1. Tessal. 5, 23). Slik talar Gud om oss menneske. Og kven skulle vel kjenna oss betre enn han som har skapt oss og oppeheld oss?

Kjennskapen til lekamen og omsuta for lekamen er stor i vår tid. Den blir fjelga, pussa og måla, salva og smurd, påkledt og avkledt etter siste mote. Også når det gjeld vår lekams jordiske liv er omsuta og innsatsen upåklageleg. Me bur fint og lever godt og har det komfortabelt og lettvint på alle vis. Alt blir gjort for å halda lekamen vedlike, reparera det som blir slite eller går i stykke, og for å gjera jordelivet så langt som mogeleg. Me les i avisene at over 100 menneske endå til har fått erstatta det gamle, utslitne hjarta med eit nytt, fra eit anna menneske, så livet blei lengd med nokre dagar og i eitt tilfelle eit år. Tenk for ein innsats, lidelse og utlegg, berre for å få nokre dagar lengre her på synda og sorga si jord. (men samstundes er der ingen kø på hans kontor, som gir meenneska nye hjarto og nytt liv for inkje).

Når det gjeld menneske si ånd og åndsliv, manglar det heller ikkje på omsut eller innsats. Både stat og kommun-

ne byggjer seg arme og fattige på skular for å læra slekta, utvida og utvikla vår ånd og byggja vår lovpriste «åndskultur». Det same mål har flaumen av litteratur, radio og fjernsyn, som i all si overflod fyller heimane og formar slekta som veks opp med si åndsføda.

Men korleis står det til med sjela?

Menneske har også ei sjel. Guds ord fortel at sjela lever evig, for den har gått ut frå Gud, som er frå æva og til æva. Gud fortel og at blir sjela freist frå synda og domen, lever den i himmelen hjå Gud i all æva, men blir den ikkje frelst ved Kristus er den bunden til synda, Satan og fortapinga i all æva.

Dette veit heidningen. Avik fortel frå Kina, der han ein stad forkynte for heidningane for fyrste gong at han spurde om dei hadde sjel. Til det svara dei nei. Men då han spurde kvar sjela går hen når lekamen døyr, då blei det stille lenge. Men til sist svara ein gammal mann. Det er det ingen her som veit!

Heidningen veit at dei har ei sjel, at sjela lever alltid, og dei har ofte større omsut og frykt for sjela enn lekamen. Men dei veit ikkje kvar dei går henn etter døden, for dei lever i mørke — utan Guds ord. Og den som ferdast i mørke veit ikkje kvar han kjem henn, seier Jesus.

Men vårt folk, som kallar seg eit kristent folk, og som har hatt Guds ord og openberrings ljós i over tusen år, her veit dei fleste ikkje — og lever som dei ikkje har ei sjel. Dei lever i vantrua si skodde og mørke, i dødzens skoddeland, som skrifta seier. Den moderne heidnin-

gen, den vantru uten Gud, han lever i større mørke enn heidningen — vantru og egenrettferda sitt store mørke.

Dei fleste lever i verda si overflod, fest og gaman inntil Herren krev sjela deira, då må dei forlata alt og gå inn i det evige mørke som var tiltenkt og tilbuddt til djevelen og englane hans. Dei levde og handla som ein dåre, for dei gløynde at dei hadde ei sjel som trøng frelse for å få rett til å koma inn i dei evige boligar heime hjå Gud.

Du som les dette, er du ein av dei?

Sjela sitt verd.

Kva har mest verd for oss menneske, sjela eller lekamen? Guds ord talar mykje om sjela. Slå opp i ei bibelordbok, og du vil bli forundra over kor mykje Bibelen talar om sjela. Jesus verdsatt sjela høgt: Kva batar det eit menneske om han vinn heile verda, men tar sjela si? Eller kva har eit menneske å gi i byte for sjela si? Det vil seja det same som at korkje verda eller eit menneske har noko som er så mykje verd som sjela.

Jesus seier også at me skal ikkje ottast dei som berre kan drepa lekamen, men ikkje kan drepa sjela. Me skal heller ottast Gud som kan tyna både sjela og lekamen i helvete (Matt. 10, 28).

Sjela sitt verd ser me også av det Gud har sett inn for å frelsa våre sjeler. Ved syndefallet tapte Gud menneske, og me kom inn under synda og djevelen si makt. Men skrifta viser at Gud elskar oss slik at han ikkje sparde sin einaste son, men gav han for oss alle. Han gjekk i døden for å frelsa vår sjel frå fortapinga. Guds ord seier at me er dyrt kjøpte, du blei dyr for meg. Han løyste oss ut, ikkje med sylv eller guli, men med sitt eige dyre blod.

Sjela si frelse.

Det er målet for vår tru, og det var Guds mål då han sende Jesus til verda. Og Jesus er den einaste, og det einaste namn som er gitt mellom menneske, som me kan bli frelst ved. Har han fått frelst di sjel?

Men me er ikkje av dei som dreg seg undan til fortaping, men av dei som trur til frelse for sjela (Hebr. 10, 39).

Mange menneske er av dei som dreg seg undan Jesus, dreg seg bort frå kallet, Guds ord og Guds folk. Det er å dra seg undan til fortaping, seier Guds ord. Dersom han dreg seg undan, så har mi sjel ikkje hugnad i han (Hebr. 10, 38). Kjære sjel, er du ein av dei, så vend om før det blir forseint!

Men me er av dei som trur, til frelse for sjela. Kom til meg, og høyr, så skal sjela di leva (Esa. 55, 3). Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera, hjå meg skal de finna kvile for sjela (Matt. 11, 28—29).

Mange har fylgt Jesu kall og gjort etter hans ord, og dei fekk erfara at ordet var sant og læra av Gud. Det vitnar vitnemåla deira.

«Alene i håp til Gud min sjel er stille. Han redder meg sikkert ut, meg usle, lille!»

«Om noen meg nå spørre vil om grunn til salighet, og om det hører mere til som man bør have med foruten Jesu sår og blod som han for verden flyte lot, — Jeg svarer med et freidig mot: *Min grunn er Jesu blod!*»

Eg har eit anker for sjela, som er trygt og fast, av di det er forankra i Jesus, han som gjekk igjennom forhengen for oss og talar vår sak heime hjå Gud.

Jesus kan fullkommen frelsa dei som kjem til Gud ved Han.

«Så har Gud elskat verda at han gav sonen sin, den einborne, forat . . . »

Dette brevet kom forseint til å bli med i desember nummeret, men me tek det med nå.

Red.

Her i Kuala Lipis såg eg i kveld at ein forretning hadde fått seg eit «juletre», og det med blinkande lys på. Dei tek etter det forretningsmessige med jul; men Han som kom til «vår arme jord» julenatt, kjenner dei ikkje. Det er sårt å møte folk, gjerne dei same folk, dag ut og dag inn, og så ikkje vera i stand til å nå dei med evangeliet, berre nokre få, jamgodi med inkje. Kva må det ikkje vera for den Trieinige Gud og sjå folk gå utan å høyra Guds ord? Sonen vart gjeven forat folk ikkje skulle gå fortapt men ha (få) evig liv. Og når Gud gav Sonen sin så var det dermed avgjort at det var til døden på korset — Han gav Han i vår stad. Somme tider tykkjer eg at eg kjenner litt av den smerte det må vera for Guds hjarta å sjå så få bli frelst idag.

No seier Jesus at hausten er stor; og det må vel også tyda på at mange skulle bergast inn. Men onnefolka er så få! Det er sant i våre dagar, og serleg om Malaysia. Korleis skal denne oppgåva løysast? Jesus svarar tydeleg: «Be

haustens Herre driva ut arbeidrarar i sin haust!» Mt. 9, 37—38.

Tenk for ei gild oppgåve å vera med å be folk inn i himmelen til evig liv! Det er då ei børn etter Guds vilje at arbeidsfolka kjem seg ut før hauststormane og myrkret kjem. Guds vilje må det også vera at desse Gud-utdrevne arbeidarane får ha ei tid med opne dører for ordet. (Kol. 4, 2—4).

Det var då også «lettvint» å vera ein Guds medarbeidar på den måten i bøn. Her kan du då få gjera det mest nødvendige misjonsarbeid utan å bli så mykje forstyrra av jag etter menneske-æra, for denne tenesta er i det dulde nemleg. Men fären for utruskap er stor. Me får då først falla ned for Hans fot og sanna våre synder. Han er rik på miskunn. — Han vil tilgi! Og så får Jesu-sinnelag vera i oss (Fil. 2, 5—8.) Så blir me velnøgde med gjerne å bli gløynde av menneske og tilsett av Gud. Han som ser i løyndom, og er i løyndom!

Med dette ynskjer eg misjonsvenene eit signerikt nyttår med jul i hjarta kvar dag (Johs. 3, 16.)

Kuala Lipis, den 2. desember 1968.

Dykkar utsending

Andr. A. Bø.

For det finst ingen skilnad

Rom. 3, 22)

Det er vel ikkje mange ord frå Bibelen me menneske har så vanskeleg for å gi rett, som dette ordet om at der finst ingen skilnad.

Det kjem vel av at me ser så stor skilnad, både når me samanliknar andre menneske med kvarandre og oss sjølv med andre. Og det er ikkje tvil om at sett med vårt auga er skilnaden stor, både på natur, lynne, interesser, evner, karakter og livsførsel osv. Me ser og møter både gode og dårlege menneske, gavmilde og påhaldne, hjelpsame og dei som berre tenkjer på seg sjølv, pålitande og upålitande osv.

Men likevel står dette ordet fast, for her er det tale om korleis Gud ser på oss — sett med Guds auga og frå Guds synsstad. Og då blir det ingen skilnad.

Her i dette ordet er det tale om to område, der det ingen skilnad er.

Alle er syndarar.

Alle har synda og vantar æra for Gud, les me. Om der er skilnad på mengden og storleiken av vår synd, så er me alle syndarar og må bli behandla som syndarar. Som David er me alle fødde av syndarar, med synda si natur, og høyrer derfor til ei syndarslekt. (Salme 51, 7) Av ein syndars sæd og ætt, kan der ikkje koma noko anna enn syndarar. Eit vondt tre kan ikkje bera god frukt, seier Jesus. Matt. 7, 18). Dersom me seier at me ikkje har synd, så dārar me oss sjølve, og sanninga er ikkje i oss. Seier me at me ikkje har synda, så gjer me Gud til ein ljugar og hans ord er ikkje i oss. (1. Johs. 1, 8—10).

Legg du merke til dine barn og deg

sjølv, så vil du snart få stadfest at dette ordet frå Gud er sant. Missunning, vreide, stridighet, lyst til det vonde, til å gi att vondt for vondt, usanning, upålitande, sut, klage, missnøye, utakksam, æresjuka, lyst til å ta seg godt ut, havesjuka, eit utilgivande sinn osv. — Og meir slikt, seier Skrifta. Kan du bevisa over for Gud at her er du eller ein av dine fri og uskyldig, då er ikkje dette ordet frå Gud sant. Elles så står det fast : *Der finst ingen skilnad !*

Til det høyrer også at alle vantar æra for Gud. Ein openberr syndar misser si æra også i våre augo. Tenk berre på ein tjuv, ein som har eit usedeleg liv til leveveg, ein mordar, ein nasist, ein bedragar, eller andre som blir avsløra i si synd, dei misser si æra mellom menneska. I vår tid ser og høyrer me rett nok at der er dei som har slike ideal og vanvyrder lovene og dei som skal håndheva dei, men det høyrer til fråfallet og finst berre i eit folk som er på veien til undergang.

Overfor Gud er me alle syndarar og ærelause. Ved fallet tapte slekta det Guds bilete me fekk ved skapninga, og den æra å vera Guds ypperste skapning. Som nasisten tapte si æra då han under krigen gjekk over på fienden si sida. *Her finst det ingen skilnad, alle har synda og vantar æra for Gud.*

Og dei vert rettferdiggjorde ufortent av hans nåde.

Her finst det heller ingen skilnad. Skal eit menneske verta funnen rettferdig for Gud og vinna att si æra for Gud, då lyt det skje av nåde, ufortent og bli gjort av

ein annan. Og dei vert *rettferdigjorde ufortent av hans nåde* ved utløysinga i Kristus Jesus.

Dette ordet er like vanskeleg å gi rett, om ikkje verre, for oss menneske. For livet visar at noken menneske både lever og ferdast rettferdig, mens mange andre er urettferdige og gjer urett på mange vis. Både Skrifta og livet viser at mange trur sjølv at dei lever rett og at andre kan tru det om dei. Me kan berre nemna den heimeverande sonen (Luk. 15), den rike yngling (Mark. 10) farisearen i templet (Luk. 18) og Simon som bad Jesus til middag. Saulus som sjølv vitnar at om andre trudde dei var rettferdige, så hadde han mykje meir grunn for det, kan me heller ikkje ute-lata å nemna. Mange gjer det same i vår tid. Men dei dārar seg sjølv og gjer Gud til ein ljugar, på same vis som det sto skrive om dei som sa dei ikkje *hadde synd* eller *hadde gjort synd*. (1. Johs. 1)

Eg har høyrt mange meina at den heimeverande sonen i Luk. 15 er eit fyredome for eit rett kristenliv, og eit bilet på det normale. «Men tankene er fortsatt på vandring. Jeg minnes lignelsen om den fortapte sønn som også er lignelsen om ham som ble hjemme i faderhuset, men som så ofte blir glemt i forkynnelsen. Han representerer dog det normale det ideelle. Og jeg minnes noe Vinje skrey en gang om at den fortapte sønn ikke måtte være idealet og grunnen var at han representerte bruddet. Det sjelelig sunne menneske gjennemlever en rolig og jevn utvikling. Og det er den hj.v. sønnen et bilde på. Kanskje han burde komme mer i sentrum for vår interesse?» Ja, slik skriv ein lærar frå ein av våre off. lærarskular i julehefte til ein av våre kristne ungdomsskular. Mørke er stort.

Jesus fortel likninga om dei to sönene

til fariserarane og dei skriftlærde, som knurrar mot Jesus som tek imot syndarar og et i lag med dei. Sjå vers 1 til 3. Det er ikkje tvil om at Jesus i dei to sönene let dei sjå eit bilet av dei to grupene, syndarane som blir frelst av nåde og eit sjølvbilete av farisearane i den heimeverande sonen. Representerar farisearane det normale kristenliv i skrifta? Tenk om den heimeverande sonen sitt sinn skulle vera det normale og ideelle i kristenlivet?

Nei det ideelle og det normale i Skrifta, det er å bli frelst av nåde, som den fortapte sonen, som syndarinna, som røvaren på krossen, som toldaren, og som syndaren Saulus — den største av alle syndarar, etter eige vitnemål. For eigenrettferd er vår største synd, for den vanvyrder Kristus og trør hans blod under føtene (Hebr. 10, 29).

Her er ingen skilnad, *alle er urettferdige i Guds augo.* (Rom. 3, 10—12)

Ved utløysinga i Kristus Jesus.

Kristus *har løyst oss ut*. I han har me utløysinga, ved hans blod (Efes. 1) Men nå har ei rettferd frå Gud, ei som lova og profetane vitnar om, vorte openberra utan lova — ei rettferd frå Gud ved trua på Jesus Kristus for alle og over alle som trur. For det finst ingen skilnad, alle har synda og vantar æra for Gud, og dei vert rettferdigjorde ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus. Honom synte Gud fram i blodet hans, som ein nådestol ved trua. Han ville syna si rettferd i den tida som nå er, så han kunne vera rettferdig og gjera den rettferdig som har trua på Jesus.

Den einaste måten å bli frelst på og bli funnen rettferdig for Gud, det er å måtta oppgi seg sjølv og si eiga rettferd og ta imot Jesu rettferd av nåde og ufor-

påske Trøndelag. 7. Reidar Linkjendal: Til disp. påske Namdalen. 8. Godtf. Nygård: til disp. påske Randaberg. 9. Margrete Skumsnes Lydbandsentralen, biadet, besøkjer Namdalen etter 15. februar og foreiningane a.s. påske Bygland. 10. Olav Aakhus: til disp. påske Østfold.

Dei som er sett opp til disposisjon künne ikkje lova noko visst cmk or mykje og kva tid dei kunne reisa, så dei kan leiarane venda seg til kven dei vil for å høyra om dei kan ta ut. Også dei som ikkje har fått oppsett nokon på sin stad i ruta, dei kan venda seg til kven dei vil av forkynnaraane og be om å få dei.

Ferien sumaren 1969, for dei forkynnarane som reiser heile året:

Juni: Amund Lid. Juli: Hjorthaug og August: Jon Berg.

tent. Han som gav seg sjølv for oss, så han kunne gjera oss rettferdige for Gud i han (2. Kor. 5, 21).

Har du funne utløysing i og ved dette salige evangelium? Det er det einaste, det normale, som burde koma meir i sentrum for vår tru, vår forkynning og vårt hjarta.

Her finst det ingen skilnad, på den største syndar og den mest rettferdige i menneskelege augo. Gud gjer ikkje forskjel på folk!

A. L.

Frå arbeidet

Lekmannsmisjonen sitt styre hadde møte i Norheimsund 27.—28. desember. Me tek her med noko av det som då blei planlagt.

Forkynnarane sine reiseruter vinteren 1969 :

1. Jon Berg: Rogaland.
2. Ole Brandal: Oslo, Østfold, påske Hardanger.
3. Odd Lyrøy: Trøndelag, Sunnmøre, påske Avaldsnes.
4. Anders Eide: til disp. påske Østfold.
5. Gudmund Hjorthaug Hardanger, Haugesund, Sunnhordland, påske Sannidal.
6. Amund Lid: Agder, Telemark, påske Namdalen, etter

Sumarskulane for N. Luth. Lekmannsmisjon sumaren 1969 :

1. Namdalen i tida 25.—29. juni. Leiatarar: Harald Fæø og Hjorthaug. Talarar: Hjorthaug og Berg.
2. Arsmøte og sumarskule på Randaberg i tida 23.—27. juli. Leiatarar: Tore Harestad og Amund Lid. Talarar: Brandal, Berg og Linkjendal.
3. Den tredje sumarskulen blir i tida 6.—10. august, men staden er ennå ikkje sikkert fastlagd. Der blir Hjorthaug leiari, og talarar blir: Brandal, Lid og Nygård eller Dyrøy.

Nermare program for sumarskulane kjem i eit seinare nummer av bladet

Styret